

til aa-berth, meg, Rune, Myrvang

Hei.

Som de truleg har fått med dykk, so er det no to gyldige løyver til snøskuterkøyring i området frå Vonavatnet og innover mot Gotdalen.

- Øvre Naustdal Utmarkslag har løyve til å køyre inntil 10 turar i året til hytter i dette området (fleirårig løyve)
- Instedalen skianlegg har løyve til å køyre skiløype inn til Fosselvekråa, inntil ein gong per veke fram til påske. (Løyvet er påklaga, men gyldig so lenge klagen vert handsama i MD. Klagehandsaminga vil avgjere vidare skjebne for denne køyringa)

Desse løyva gjeld i same området, og om lag i same tidsrom. Dette er køyring som kan kombinerast. Vi i forvaltninga vil derfor råde dykk til å prøve å koordinere denne køyringa so langt det let seg gjere. Dette vil redusere det samla omfanget av snøskuterkøyring i landskapsvernområdet. I tillegg vil det vere økonomisk gunstig for både grunneigarar og skianlegget om ein kan dele på kostnadane ved eventuell leigekøyring til føremåla.

Eg vil derfor råde dykk til å halde kontakten og informere kvarandre om behov og planlagt køyring.

Det ligg vel og i korta at eit slikt samarbeid vil vere eit godt signal mot verneområdestyre, grunneigarar, brukarar og ulike interesser her. Alle vil vel unngå unødig køyring.

PS: hugs å følgje vilkåra i dei tildelte løyva, med varsling av SNO, utfylling av køyrebok, rapportering i etterkant osv osv.

Venleg helsing

Alf Erik Røyrvik

Forvaltar for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Ålfotbreen  
landskapsvernområde

Tlf: [57643138](tel:57643138) / mob: [95889475](tel:95889475)

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal>

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Ålfotbreen>